Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. legedomar Herad: Hovin

Emne: Ring til vern mot sykdom Bygdelag: Oppbygda

Oppskr. av: Herleif Sauro Gard: Sauro

(adresse): Hovin, Telemark G.nr. 14 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko med sjølvsyn, men mest

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Samtaler med fleire gamle folk.

SVAR

At folk har nytta ringar på fingrane til vern og lækjedom mot sjukdomar er godt kjent. Det var, so langt eg kan skyna, berre mot gikt (reumatisme) dei nytta ringane.

Ringane var breie og glatte som dei vanlege forlovelsesringane er det. Metalet i dei var sikkert kopar og messing. Eg såg ein slik giktring som ei gamal kona gjekk med då eg var gutunge (for ca. 40 år sidan) Når ho tok ringen av var huda på fingeren der ringen sat blågrøn av eire (ir) Men det var „bevis" på at ringen var god fortalde kona meg. Og ho trudde på verknaden og: „For ette at e he bynna ginngje mæ dan he e aller kjent gikt mei" sa ho.

Folk kjøpte desse ringane av omreisande skreppekramarar. Prisane var vel so ymse, men at farantane tok sig godt betalt er sikkert. Ein gamal mann fortalde meg at han

9196a.

Vend

kjøpte ein giktring av ein handels
kar (skreppekrammar) for 10 kr. (ca. 50
år sidan no). Og so han: „Ringen
va' ikkje da minste tess. Gikte bleiv
hell verr hell bare"
At vanlege fingerringar var gjort
elektriske er ikkje nemnt av nokon.
Dei trudde at metallet som ringen
var laga av var middel mot gikta.
Ringar til å ha kring beinn ell.
armar har nok vore kjende av
folk her; men ingen veit om
nokon som bar slike ringar lenger
no. Heller ikkje kjenner nokon til
„amuletter" eller liknande til å bera
rundt halsen t.d.
Derimot er ~~xx~~ bere belter, sokalla
„Elekt. belter" godt kjende her. Eg
kan hugse at kona til ein onkel
av meg hadde eit slikt belte. Det
er ca. 30 år sidan no. Dette beltet var
av samanitta kopar og sinkplater med
filt på båe sidor. Platene var lenkte
saman med vanlege små runde bøyler
av nikkel, slik:  Beltet var til
å bera på berre kroppen som eit
vanlegt lærbelte med spenne. At beltet
skulde leggjast i edik er ikkje kjent.

Øyreringar:

Spursmåla frå 13 til og med 17 gjeld
ting som er heilt ukjent for mann-
folka her i bygda. Alle dei gamle folk
eg har spurt hugsar ikkje bygdefolk
(karar) med „øyredullar". Men dei hugsar
at dei har sett framande „fantar" som

9196a

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dei sa her i bygda om alle som tala leymål, med øyreringar. Øyreringar til lækjedom er heller ikkje kjent her om ingen noledande (den eldste er 90 år) tenkjer karar med øyreringar so kan det godt ha vore brûka lengre attende.
At kvinnfolk har havt og framleis har øyreringar er ålment kjent; men det er sers fåe som brûkar dei. Dei vert berre nytta til stas.

Min heimelsmann som er 84 år gamal fortel at det var sers lite i brûk metal og metaldeiler mot sjukdom her i bygda. Han fortel elles i tillegg til dette at når einkvan hadde klemt eller sloge seg, utan at det hadde vore so hard støyt at det var vorte ope sår av det, var det ålment brûka då han var ung å taka stål, t.eks. ein tollekniv, å stryka tri gonger over hûlen der slaget eller støyten hadde råma. Han kunde ikkje hugsa at dei las noko i samband med dette.

Hovin [13]/3 54.

9196a

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING